

Radar

2011 nr. 3

Kyrkjeblad for Radøy sokn

27.årgang



Sett preg på di kyrkje



Kyrkjevalet
2011
Radøy sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796
msskauge@radoysokn.no

Organist J.William Kay
915 91 482
organist@radoysokn.no

Organist Mette H.Hjelmeland
5637 3515

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K.Mjøs
5637 0588

Kyrkjetenar Sæbø
Kjell Fjellsende 5637 1015

Kyrkjetenar Emigrantkyrkja
Kirsten S.Mellingen 5637 2031

Nytt frå dagleg leiar

Hendingane den 22. juli førde til tap og lidingar i mange familiar. Dette kan ikkje endrast.

Kyrkja på Manger var open laurdag 23.juli. Det var ei markering kvar time. Dei som kom tende lys og hadde ei stille stund i kyrkja. I slike tider er det viktigare enn nokon gong at vi har ei folkekirkje der alle er velkommen uansett ståstad elles i livet. Kyrkja skal vera ei trygg hamn når ting vert vanskeleg.

• • •

Sommaren er oftast ei roleg tid i kyrkjene og vi nyttar denne årstida til utvendig vedlikehald så langt tida og pengane strekk til. Kyrkja på Hordabø er no malt ferdig. Malarmeistar Birger Bruksås har også auga for litt anna som skal ordnast og ser til at alt vert på stell.

Vi har også fått malt og ordna litt på Sæbø i sommar. Reidskapshuset vart borte saman med det gamle kommunehuset og vi har no fått teikna og plassert nytthus på kartet. Grunnarbeidet vert sett i gang i løpet av hausten etter at dei naudsynte løyve er på plass. På Manger er kjøkenet på det nærmeste ferdig og vi gler oss til å ta det i bruk.

På kontoret har vi starta med førehandsrøysting til soknerådsvalet. Så langt er det ikkje så mange som har stemt, men vi held fram med førehandsrøysting til og med fredag 9.september.

På valldagen vil vi vera på dei sama røystestadene som gjeld ved kommune- og fylkestingsvalet.

Godt val til alle.
Audun Sylta, dagleg leiar



Takk til gode medarbeidrar

Maria Fjellsende på Sæbø, Margun Taule i Hordabø og Magne Myrtveit på Manger har alle vore trufaste tenrarar for kyrkja på Radøy. Dei har vore med oss i mange år og vi er dei stor takk skuldig.

Soknerådet avgjorde i november i fjor at klokkenester skulle omorganiserast frå betalt til friviljug arbeid, og formelt vert dei løyst frå stillingane frå 1.oktober 2011.

Klokkenesta har endra seg over tid og det var naturleg å sjå på kva som skal vera løna, og kva som skal vera friviljug arbeid. Oppgåvane vert likevel ikkje borte og det vert ei ny utfordring å finna både kyrkjevertar og personar til tekstlesing framover.

Maria har i tillegg til å vera klokkar også vore leiar i kyrkjeforeininga i Sæbø. Basarane til kyrkjeforeininga der alle gevinstane er gåver, er kjent over heile øya. Gåver frå foreininga har vore kjærkomne mang ein gong når det skulle kjøpast inn ting til kyrkja. I 2011 har dei tinga nytt sølv og i 2010 kosta foreininga nye stolar til kyrkja.

Margun har med si klåre røyst vore tekstlesar i Hordabø og i tillegg vore ein trufast hjelpar ved nattverd og dåp. Ho har vore med oss sidan 1999 og vi vonar at ho vil halda fram med å lesa dagens tekst for oss når det høver også framover.

Magne er ein varm person som har vore fin å møta i kyrkja på Manger og som alle får god kontakt med. Han har tidlegare også stått for arbeidet med kyrkjebladet Radar. Magne er elles veldig god på alt som har med data å gjera og har full kontroll på teknikken i kyrkja.

Vi vonar at de alle vil vera med oss framover. Takk frå Radøy Sokn!

Valkort på bokmål - informasjon frå Kyrkjeraådet

Kyrkjeraådet er opptekne av å fylle dei krav som er stilt i mållova, òg med tanke på kommunikasjon omkring Kyrkjebralet. Valkort- og brosjyre er produsert i to ulike variantar; både på bokmål og nynorsk.

Utfordringa er å sende rett språk og målform til rett mottakar. Vi har pr idag ikkje informasjon om den enkelte medlem sitt språkønske, vi har difor valt å sende nynorsk valkort- og brosjyre til dei sokna som i våre system er registrert som nynorskbrukarar. Vedtak om målform vert gjort i det enkelte sokn.

Så erfarer vi at Kyrkjeraådet si oversikt over valt målform i dei ulike sokna ikkje er korrekt.
Dette må vi i fellesskap rette opp i for framtida.

Kandidatane ved soknerådsvalet i Radøy sokn



Ludvig Grindheim
Pensionist
70 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
Diverse kommunale råd og utval. Medlem i Radøy sokneråd 2009-2011 og kyrkjelydsutvalet på Hordabø.

Satsingsområde
Ei open kyrkje for alle. Diakoni.



Kenth Remy Nesbø
Butikkmedarbeidar
22 år, Bøvågen

Satsingsområde
Kombinere gamle tradisjonar med nye innspel. Eg vil gjere kyrkja meir attraktiv for nye generasjonar.



Elin Irene Klausen
Adjunkt
46 år, Manger

Relevante erfaringar
Eg har erfaring frå ulike politiske verv: leiar i KrF, åtte år i kommunestryret og dei siste to åra har eg hatt sete i soknerådet i Radøy. Dette har eg sett på som eit nytig og interessant arbeid. Når det gjeld arbeid i frivillige organisasjonar vil eg nemna korarbeid, og juniorarbeid.

Satsingsområde
Eg ynskjer å arbeida for at kyrkja skal ha eit rikt musikkliv både i ulike gudstenesteforformer og ulike konserter. Musikk bringer ein nærrare Gud og rører menneska på ein spesiell måte. Slik sett er det viktig at menneska finn sin plass i kyrkja på dei ulike arrangementa. Det er viktig at kyrkja er inkluderande og har plass til alle og tar dei svake sitt parti slik Frelsaren så mange gongar har gitt oss eksempel på.



Wenche Instebø Kvamme
Sjukepleiar
50 år, Sæbøvågen



Gunnar Kartveit
Konsulent, Kirkens nødhjelp
61, Manger

Relevante erfaringar
Medlem av Stavanger bispedømeråd og Kyrkjemøtet 1984-90. Medlem av Manger sokneråd i fire periodar, leiar i delar av tida. Medlem/leiar av Nordhordland prostiråd. Ulike tillitsverv i Kateketforeninga.

Satsingsområde
Ei truverdig kyrkje er ei kyrkje som er diakonal, driv opplæring og tek internasjontal ansvar.



Marta G. Hvidsten
"Inn på tunet" / kyrkjetenarvikar
50 år, Manger

Relevante erfaringar
Dirigent for barnekoret i Sæbø; diverse kyrkjelydsarbeid; retreatmedarbeidar på Lia Gård. Har jobba eit år med familiertreat på Lia gård.

Satsingsområde
Eit ynskje om at kyrkja skal brukast meir også i vekene; ei open kyrkje, ein plass å få vera - gjerne kveldssamlingar, Tomasmesser etc.



Gudrun Rikstad
Hjelpepleiar
56 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
Hordabø sokneråd; Bedehusstyre; Søndagskulelærar; Misjonsforening.



Per Bjørkhaug
Sakshandsamar NAV
61 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
Styret i Arna Indremisjon, Leder for Arna musikklag, Kristent korpsarbeid i Nesttun kristelege hornorkester og i Skala Brass band.

Satsingsområde
Diakoni og diakonalt arbeid i kyrkjelyden. Har også alltid vært opptatt av og engasjert i sang og musikk i kirke og bedhus.



Silje Røynstrand
Pleiemedhjelpar
36 år, Sletta

Relevante erfaringar
Barne- og ungdomsarbeiderfaget

Satsingsområde
Aktiv trusopplæring for alle born i alle aldrar. Ei open kyrkje for alle uansett kjønn og legning. At alle born skal få bli kjent med den norske kyrkja og kristendomen. Fleire aktivitetar som samlar heile familien (familiekor, søndagsskule, aktivitetsklubb mm.)



Britt Sissel Kvamme
Friseør
48 år, Sæbøvågen



Kandidatane ved soknerådsvalet i Radøy sokn



Simon Walther Grandahl
Avdelingsleiar
34 år, Sæbøvågen

Relevante erfaringar
Hovudtillitsvalgt Norsk
sjukepleiarforbund Radøy
2003-2007
Medlem i nominasjonskomite
NSF Hordaland 2007
Tilsynsførar for barnevernet i
Lindås Kommune 2009 – dd

Satsingsområde:
Barn/ ungdom: tiltak for å
oppretthalde/betre aktivitetar
for barn og ungdom
Eldre: Oppretthalde/betre tiltak
som legg til rette for at eldre
får halde fram med å møte i
kyrkja, som transport og anna
naudsyn hjelp.



Oddbjørg Dragøy
Pensjonist
73 år, Manger

Relevante erfaringar
Mange år med barne- og
ungdomssarbeid. Kasserar
og leiar i fritidsklubb
for funksjonshemma.
Styremedlem i Rødd
Barna. Støttegruppa for
skulemusikken. Medlem og
nestleiar i Radøy sokneråd
2005-2009.

Satsingsområde
Noko som opptek meg er at
ein skulle få til besøksteneste
for eldre og einslege. Det er
mange einslege rundt omkring
som har behov for nokon å
snakka med, og nokon som
kan stikka innom.



Elna Tvedt Bauge
Pleimedhjelpar
50 år, Manger



Oddvar Egil Stang
Lærar / bonde
59, Sletta

Relevante erfaringar
Sit i soknerådet i og
kyrkjelydsutvalet på Manger

Satsingsområde
Arbeida for ei open og
inkluderande kyrkje.



Rolf Adelstein Espenes
Radgevar, ungdomssk.
62 år, Sæbøvågen

Relevante erfaringar
Leiar i Sæbø skulemusikklag
(til 1991) og fotballgruppa
Ilkvernbit (til 1983).
Hovudtillitsvalt Lærarforbundet
i Radøy (til 2002).

Satsingsområde
Å gjere kyrkja til meir enn
17.mai og julaftan for folk flest.



Kristen Kvalheim
Fiskeoppdrettsarbeidar
44 år, Bøvågen

Satsingsområde
Eg vil arbeida for ei glad og
musikkfyllt kyrkje.



Silje Kristin Ellingsen
Frisør
33 år, Sæbøvågen

Relevante erfaringar
Styremedlem i Radøy
Hestesportklubb og Radøy
Hestetrygdelag. Eg er ei
tobarnsmor på 33 år som har
busett meg på Tolleshaug. Eg
jobber som frisør på Twiggy
frisorsalong.


Satsingsområde
Barn og ungdom, samarbeid
med frivillige, kyrkjemusikk,
barnekor.



Kirsten Oline Helland
Pensjonist
73 år, Manger

Relevante erfaringar
Leiar i misjonsforeininga
"Forglemmegel" (NLM). Har
vore i overlikningsnemda i
12 år. Styremedlem Radøy
KrF i 10 år. Har vore med i
frivilligentralen i mange år.

Satsingsområde
Ei kyrkje for alle. Møte våre
nye landsmenn på ein verdig
måte. Me må føla oss heime
i kyrkja.



Dagny Kvalheim
Pensjonist
66 år, Bøvågen

Satsingsområde
Ei open og tilgjengeleg kyrkje
for alle. Song og musikk.



Synnøve Ramsvik
Ufør
38 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
Født og oppvokst på Radøy,
var i mange år med i Hordabø
barnekantori. Har ikke
noe annen erfaring innen
kirkearbeid, men tillitsverv har
jeg hatt flere år i Styret i Burg
(barne og ungdoms revmatiker
gruppe) og årene jeg bodde
i Sandnes var jeg vakt ved
Røde Kors-telefonen for barn
og unge og var med som
hjelper i "Ferie for Alle".

Satsingsområde
Med 3 barn (1,3 og 10 år) er
det vel barne og ungdoms
arbeid som står mitt hjerte
nærmet.



Kandidatane ved soknerådsvalet i Radøy sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjevalet
2011
www.kyrkjevalet.no



Norunn Villanger
Ufør
60 år, Bøvågen

Relevante erfaringar

Den tid borna var i skulemusikken, var eg med i styret for laget i flere periodar.

Eg var og med to periodar i kommunestyret i Radøy Kommune.

Dersom det er behov for det, kører eg mat for Frivilligentralen i kommunen.

Satsingsområde:

Born og unge. Kyrka som ein møtingsstad som resulterar i å få fleire folk til å komma til kyrka. Kultur arv

Namn	Fødselsår	Adresse
Ludvig Grindheim	1940	Hordabø
Elin Irene Klausen	1965	Manger
Gunnar Olav Kartveit	1950	Manger
Marta Grønstad Hvidsten	1961	Manger
Kenth Remy Nesbø	1989	Hordabø
Gudrun Rikstad	1955	Hordabø
Wenche Instebø Kvamme	1961	Sæbø
Britt Jorunn Kalnes Mogen	1966	Sæbø
Per Bjørkhaug	1950	Hordabø
Silje Røynstrand	1975	Sletta
Simon Walther Grandahl	1977	Sæbø
Elna Tvedt Bauge	1961	Manger
Britt Sissel Kvamme	1963	Sæbø
Oddbjørg Dragøy	1938	Manger
Oddvar Egil Stang	1952	Sletta
Dagny Kvalheim	1945	Hordabø
Rolf Adelstein Espenes	1949	Sæbø
Kristen Kvalheim	1967	Hordabø
Silje Kristin Ellingsen	1978	Sæbø
Synnøve Ramsvik	1973	Hordabø
Kirsten Oline Helland	1938	Manger
Norunn Villanger	1951	Hordabø

Oppteljingsreglar er endra slik at alle kandidatar på lista får like stor sjanse til å verte valt. Veljaren kan gje kandidaten ei tilleggsröst ved å setje kryss ved sida av namnet, tilføye namn på vallista ein gong eller stryke kandidatar ved å setje ein strek over namnet. **Alle andre kandidatar får ei stemme kvar i oppteljinga.** Dersom lista vert levert uretta, vil alle på lista få ei stemme kvar. Ein som har førehandsrøysta kan ikkje røysta på nytt på valdag!

Val av sokneråd

SLIK RØYSTAR DU VED FLEIRTALSVAL (EIN LISTE)

Soknerådsval i XXX SOKN
XXX sokneråds liste
11–12. september 2011

Kyrkjevalet 2011

<input type="checkbox"/> 1. OLGA STENBERG, 25 år, GRANVEIEN, LUND, Frisør
<input checked="" type="checkbox"/> 2. ODD ANDERSEN, 60 år, SMARAGDVEIEN, TVEIT, Larar
<input type="checkbox"/> 3. KARI NILSEN, 25 år, STEINFARET, SANDVIK, Larar
<input type="checkbox"/> 4. TORE EK, 23 år, HOLMEVEIEN, HOLMEN, Fritidsinstruktør
<input type="checkbox"/> 5. GRY ENG, 33 år, SMUGET, STRAND, Ergoterapeut
<input type="checkbox"/> 6. HELOA ORGENSEN, 43 år, BREIGATA, STRAND, Farmasøy
<input type="checkbox"/> 7. CHRISTIAN ANTHONSEN, 41 år, SKOMAKER ANDERSENS VEI, BO, Lakjar
<input type="checkbox"/> 8. IVAR LIND, 27 år, VIKVEIEN, VIKEN, Lydkinikar
<input type="checkbox"/> 9. ATLE JOHANSEN, 55 år, FURUBRÅTEN, STRAND, Revisor
<input type="checkbox"/> 10. LAILA THORSEN, 40 år, GRUSVEIEN, SANDVIK, Sjukleiarar
<input type="checkbox"/> 11. ØYSTEIN LIE, 32 år, BRATTÅSKJÆREN, SANDVIK, Sykkelørparatør
<input type="checkbox"/> 12. ALFRED ENGBRETHSEN, 29 år, SVELNESVEIEN, BO, Fotjournalist
<input type="checkbox"/> 13. PÅL HANSEN, 70 år, SMALSMUGET, STRAND, Penjonistpolit
<input type="checkbox"/> 14. PER HARALDSSEN, 52 år, STRANDVEIEN, SVELNES, Kundekonsulent
<input type="checkbox"/> 15. INGER HOVDEN, 35 år, BOGATA, SVELNES, Gravferdkonsulent
<input type="checkbox"/> 16. KRISTIANSEN, 48 år, SKOGBAKKEN, STRAND, Flygeleiar
<input type="checkbox"/> 17. HILDE MONSEN, 42 år, MÅSÅRENDA, NORDBYGA, Bonde
<input checked="" type="checkbox"/> 18. GUNNILD NYGAARD, 52 år, VÄGEN, VIKEN, Marknadsjef
<input type="checkbox"/> 19. JENS PEDERSEN, 25 år, GRENSEN, STRAND, Sportsforhandlar
<input type="checkbox"/> 20. HENRIK GROTH, 38 år, SVINGEN, TVEIT, Anleggsgartner
<input type="checkbox"/> 21. ARVID KROKEN, 21 år, ØKSEPLASSEN, ØKSNESET, Murarstilling
<input type="checkbox"/> 22. ANNE-METTE OLSEN, 34 år, NORD-TVEIT, TVEIT, Produktionsleiar

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varmedlemmer.

Kandidatane på lista er sett opp i prioritert rekkefølge.

Du kan levere røystesetelen utan endringar.

Vil du endre på røystesetelen, kan du:

- A Du kan levere røystesetelen utan endringar.
- B Vil du endre på røystesetelen, kan du:
 - Gje kandidaten ei tilleggsröst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to røyster.
 - Stryke kandidatar på vallista ved å setje ein strek over namnet. Kandidaten får då inga røyst.
 - Tilføye namn på vallista éin gong. Desse namna kan du ikkje gje ei tilleggrøyst. Kandidaten får då éi røyst.

Andre kandidatar får éi røyst kvar ved oppteljinga.

Andre endringar vil ikkje telje med i valloppgjetret.

Svein Hansen

Røystesetelen skal brettast i to med teksten inn.

Barndomsminner fra Olden



Olden var min barndom og ungdoms bygd. Tredje kvar søndag når det var gudsteneste i Olden Sokn, var eg med mor og far til kyrkje. Vi gjekk to og ein halv kilometer til "gamlekyrkja" nede i Olden sentrum der Nordfjorden sluttar. Kyrkja er ei korskyrkje frå 1759, den einaste i sitt slag i Nordfjord.

Inne i kyrkja hadde kvar gard faste plasser: dette vart kalla kyrkjestol, eit avlukke med dør og benkar langs sidene innanfor. Det var eit avlukke for menn og eit for kvinner. Kvinnene og borna sat til venstre for midtgangen i kyrkja og mennene til høgre. For ei lita jente var det ikkje alltid like lett å sitje i ro til preika var over. Det eg tykte var fint var å høre på songane. Eg hugsar eg sat ved sida av mor og såg på alle folka rundt meg.

*Du bygd i inste folden
av Nordfjords fagre fjord
Du fjellomkransa Olden
vår heimstad her på jord.
Ceciliekruna kneiser i vest
så stolt og traust
og Gjerda aksla
reiser sitt breide
vern mot aust.*

(1. vers av Oldesongen skrive av presten Olav Skarstein frå Olden)

Ringjaren, ein gamal mann med langt kvitt skjegg stod framme ved koret og drog i tau for å ringja inn og avslutta gudstenesta hugsar eg. Læraren min i sju år var klokkar og kyrkjesongar.

Utanfor muren som går rundt kyrkjegarden hugsar eg der stod ein del hestar bundne til nokre små hus og åt høy. Desse hestane hadde frakta kyrkjefolket heilt frå Oldedalen.

Om vinteren når isen var sterk nok, kjøyrde Oldedølene med hest og slede over Oldevatnet som er ei mil langt. Derifrå ned bygda fem kilometer for å koma seg til kyrkje. Heile dagen gjekk med til dette. Ofte hadde vi kjenningar og slekt frå dalen til middag etter gudstenesta før dei tok til på den lange vegen heim. Dei var flinke å gå til kyrkje då.

Seinare vart det bygd ei ny kyrkje i bygda, som i dag er brukt til vanlege gudstenester. "Gamlekyrkja" er i dag brukt på 17.mai og Olsok og er ellers open for turistar og andre besøkjande.

Dette var litt frå mine kyrkjeminne frå barndommen. Til å skrive i bladet neste gong utfordrar eg Klara Rosnes.

Skrive av Halldis Vågenes, tilflytta Radværing sidan 1957



*Ein smak av sommar!
Damekoret sin CD,
"Dråpar", kan kjøpast på
kyrkjekontoret, sørvistorget
og YX Manger.
Pris kr 150.*

Takk for gåva!

Soknet ynskjer å takka to anonyme gjevarar for ei gåve på kr 2000 til barne- og ungdomsarbeidet i Radøy.

Korarbeid i kyrkjelyden

Sæbø barnekor
Kontaktperson
Irmelin Hordvik eihordvi@online.no

Barnekoret Baluba
Kontaktperson
Astrid Wergeland Mellingen
906 32 915

Hordabø barnekantori
Kontaktperson
Sølv Helen Kvalheim Mjøs
5637 0588

Radøy damekor
Kontaktperson Elin Klausen
951 36 562

Ta gjerne kontakt med korleiarane for meir informasjon

Rødøy sokneråd

Leiar: Ludvig Grindheim
5637 0048

Nestleiar: Jannicke
Waldernes Baug
412 68 341

Gunnar Karveit
Britt Jorunn Tjore
Oddvar Stang
Vidar Grindheim
Wenche Instebø Kvamme
Elin Irene Klausen
May-Cecilie Ulsmog (1.vara)
Torstein Sæbø (2.vara)
Astrid Mellingen (3.vara)
Håkon Lunde (4.vara)

Møteplan
sjå www.radoysokn.no
Alle møta er opne.

Kyrkjelydsutvala

Hordabø: Kjell Sekkingstad,
Sølv Helen Kvalheim Mjøs,
Irene Soltveit.
Frå soknerådet:
Ludvig Grindheim

Manger: Kjell Sekkingstad,
Astrid Mellingen, Magne
Myrtveit, Sølv Merete
Mangerøy.
Frå soknerådet:
Oddvar Stang

Sæbø: May Irene Wergeland,
Jostein Dale, Olav Marås,
Solbjørg Vatnøy,
Britt Sissel Kvamme.
Frå soknerådet:
Britt Jorunn Tjore

Trekningsliste etter kyrkjebasaren på Sæbø

1. Hardanger saumsduk (Kirsten A Morken)
2. Fiskegarn, ferdig montert (Anna Sandnes)
3. Hekla sengeteppe (Fam. Jan Rune Fjellsende)
4. Brodert festdrakt (Jonathan W.Mellingen)
5. Dokkevogn m/dokka (Kari Fristad)
6. Juleduk (Anne Marås)
7. Kaffisett (Seng Tong Storheim)
8. Gavekort kr 500 (Lars Olav H.Storheim)
9. 1 par putevar (Margun Tjore)
10. Brødbakemaskin (Rigmor B.Skorpen)
11. Sovepose (Agnes Torgrimsen)
12. Juleløpar (Fam. Herleif Frotjold)
13. Gensar (Grethe Lunde)
14. Dyne & pute (Kjell Fjellsende)
15. Sengesett (Jostein Hole)
16. Dobbelt vaffeljern (Turid & Håkon Lunde)
17. Gensar (Fam. Morgan Taule)
18. Hekla løpar (Jannicke W.Baug)
19. Strikka duk (Erna Taule)
20. Fenalår m/stativ (Randi Vetås)
21. Pledd (Milda Borlaug)
22. Hardangsaumsløpar (Helene Tjore)
23. Sommardyne (Bjørg & Sven Hermannsen)
24. Middagsduk (Jon Halstein Tjore)
25. Barnebunad gutt (Gunhild Thomassen)
26. Sengesett (Unni Hansen)
27. Juleduk (Anne Berit Drønen)
28. Panne m/ause (Fam. John N.Storheim)
29. Pledd (Asbjørg & Olav Bruknapp)
30. Kenwood Smoothie-maskin (Sander,Andreas,Simon Male)
31. Lampe (Merethe Taule Eriksen)
32. Gensar (Berit Ulvatn)
33. Jentesett (Ariel Lovise Askeland)
34. Vannkokar (Jenny Kristine Hole)
35. Fanagenser/bukse/votter (Agnes Vetaas)
36. Kiste (Ellen Raknes)
37. Ribbesteikar (May Karin Fjellsende)
38. Brødkniv (Kari Fristad)

Til saman kom det inn kr 65 000 på basaren!

Takk, Kjell!

Kjell Fjellsende har fylt 70 år og går no av for aldersgrensa.

Han vart tilsett som kyrkjetenar i Sæbø kyrkje i mai 2002 og har sidan vore å sjå i kyrkja. Før det hadde Kjell eit vikariat som kyrkjetenar. Han har punktleg kalla Sæbøfolket til gudsteneste med klokkene. Ringinga i Sæbøkyrkja skjer på gamlemåten frå loftet med tau og det har nok vore både tungt og kaldt til tider.



Prosjektskorset i Sæbø
kyrkje som Kjell Fjellsende
har laga.

Kjell og kona Maria som har vore klokkar, har alltid vore ein viktig del av kyrkja i Sæbø og vi vonar at dei kan vera med oss også seinare sjølv om det formelle arbeidsforholdet no er avslutta.

Vi vil nytta høvet til å takka Kjell for mange års trufast teneste og ynskjer han alt godt i tida som kjem.

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
29.05 5.sundag e. påske	Kirkens SOS i Bjørgvin	1470,00
05.06 6.sundag e.påske	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Brasil	2096,50
12.06 Pinsedag	Det Norske misjonsselskap	4164,00
13.06 2.pinsedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Brasil	1721,00
19.06 Treeiningssundag	Misjonshøgskolen i Stavanger	975,00
26.06 2.sundag e.pinse	Norsk misjon i øst	3075,00
10.07 4.sundag e.pinse	Institutt for sjelesorg	1963,00
17.07 5.sundag e.pinse	Dronning Mauds minnefond	663,00
24.07 6.sundag e.pinse	Det teologiske menighetsfakultetet	2277,50
31.07 7.sundag e.pinse	Kristent arbeid blant blinde og svaksynte	2514,00
07.08 8.sundag e.pinse	De fire diaconiinstitusjonene	663,00

Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	kr 0,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0–18 år):	kr 0,00
Offer til andre organisasjoner:	kr 21 581,50

kr 22 422,50
kr 42 918,50
kr 105 932,66

Familienytt

Døpte

12.06.2011 Simen Osa Dalland
 12.06.2011 Aleksander Floen Håland
 12.06.2011 Sverre Myklebust-Tufte
 12.06.2011 Lillie Andréa Vaktskjold
 12.06.2011 Marthe Lervik Helland
 26.06.2011 Liam Gran Fredriksen
 26.06.2011 Sebastian Skjelvik
 26.06.2011 Leon Hella
 26.06.2011 Emilie Herland Helland
 10.07.2011 Patrick Oliver Bø Kartveit
 31.07.2011 Jakob Erstad Marøy
 14.08.2011 Vilde Sofie Ekornsæter Morken

Vigde

04.06.2011 Frid Mellingen og Trond Magnus K Vågenes
 25.06.2011 Linn-Therese Kvamme og Alexander Lavik
 02.07.2011 Stine Valdersnes og Thomas Blekenberg Vabø



23.07.2011 Inger Marie Sandnes Dahlgren og Geir Helland
 30.07.2011 Anne Kristine Jordal og Ole Harald Johansen
 06.08.2011 Marte Marie Bergesen og Torbjørn Bergtun

Døde



03.06.2011 Nils Asbjørn Storheim
 07.06.2011 Grethe Sofie Hansen
 07.06.2011 Ruth Martinsen
 10.06.2011 Ingeborg Johanne Oldervik
 10.06.2011 Berta Myksvoll
 30.06.2011 Olga Sylta Matland
 01.07.2011 Harald Helland
 08.07.2011 Harald Seifaldet
 15.07.2011 Thyra Julie Solheim
 19.07.2011 Oline Kvalheim
 26.07.2011 Allan Hamre
 03.08.2011 Gunvor Tjore
 05.08.2011 Bertina Solend



12.06.2011 Simen Osa Dalland



**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Vi ordner alt vedrørende dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no

HENRY RATH
 AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR

5939 SLETTA



Tlf 56 37 21 08
Henry@Rath.no

Tlf 970 94 785
 56 37 11 95



Vatne Begravelsesbyrå AS

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
 Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
 Tlf 56 35 16 61 - Kontor



**MTI
IT SERVICE**

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



SparebankenVest

REMA 1000

bare lave priser

Manger Senter
 09-22 (20) 5637 2255

**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no

KVALHEIM VVS

AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073

Måndag - fredag 0900-1630
 Laurdag 1000-1400

**Frantzen's
Gartneri**

BLOMSTERFORRETNING
 Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskennett.no

Catering
Samfunnshuset Skogen LL

Mat til alle anledninger som begravelser, konfirmasjon, årsdager. Snitter, koldt bord, middag mm
 Be om pristilbud på
 Tlf. 56372236/ 90774250

**Geir Kvalheim
Glasservice**

5936 Manger — 56 37 03 71

Alt i glass, dører og vinduer

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
 leverer snittar, koldt bord og varm mat

Rune Ulvatn AS

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

søndag 28. august	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 4. september	1100	Manger kyrkje. Konfirmantpresentasjon.
søndag 4. september	1600	Hordabø kyrkje. Konfirmantpresentasjon.
søndag 11. september	1100	Sæbø kyrkje. Konfirmantpresentasjon.
søndag 18. september	1100	Manger kyrkje. Konfirmantjubileum.
søndag 25. september	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. NLA-dagen.
søndag 2. oktober	1100	Sæbø kyrkje. Konfirmantjubileum.
søndag 9. oktober	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 16. oktober	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 23. oktober	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok.
søndag 23. oktober	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok.
søndag 30. oktober	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok.
søndag 6. november	1900	Manger kyrkje. Minnegudsteneste.
søndag 13. november	1900	Sæbø kyrkje. Tomasmesse.
søndag 20. november	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 27. november	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Lys våken.
søndag 4. desember	1600	Manger kyrkje. Familiemesse.

Konsertar

tysdag 6. september	1900	Manger kyrkje. Konsert - Manger musikklag
laurdag 1. oktober	1600	30-årsjubileet for orgelet i Manger kyrkje. Konsert med organistar fra Nordhordland.
tysdag 4. oktober	1900	Manger kyrkje. Konsert - Manger musikklag
onsdag 2. november	1900	Manger kyrkje. Orgelkonsert med J.William Kay

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett. Gå til radoysokn.no eller følg oss på Twitter: [@radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i november 2011 (veke 46).
Frist for innsendning av artiklar/bilete er 18.oktober 2011.**

Redaksjon: J.William Kay, Britt Jorunn Tjore, Elin Klausen, Ludvig Grindheim
Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn